



**ALVER**  
KOMMUNE

# Flaggreglement

Alver kommune





## Innhold

|  |   |
|--|---|
| 1. Føresetnader .....                                    | 2 |
| 2. Kommunens flagging .....                              | 3 |
| 2.1 Flaggdagar i Alver kommune .....                     | 3 |
| 2.2 Alver rådhus og kommunehusa.....                     | 3 |
| 2.3 Institusjonar, skular og barnehagar .....            | 3 |
| 2.4 Andre kommunale flaggstongar .....                   | 4 |
| 2.5 Andre markeringar og hendingar .....                 | 4 |
| 2.6 Kongebesøk, statsbesøk og tilsvarande hendingar..... | 4 |
| 3. Andre tilhøve .....                                   | 4 |
| 3.1 Definisjonar på flagg .....                          | 4 |
| 3.1.1 Nasjonalflagget og det samiske flagget .....       | 4 |
| 3.1.2 FN-flagget.....                                    | 5 |
| 3.1.3 Regnbogeflagget.....                               | 5 |
| 3.1.4 Vimplar.....                                       | 5 |
| 3.1.5 Arrangementsflagg og banner .....                  | 5 |
| 3.2 Tidspunkt for flagging .....                         | 5 |
| 3.3 Flagging på halv stong.....                          | 5 |
| 3.4 Kombinasjon av flagg og vimplar .....                | 5 |
| 3.5 Kostnadar .....                                      | 5 |
| 3.6 Avgrensingar .....                                   | 6 |



## 1. Føresetnadar

Flaggreglementet er lokalt styrande for Alver kommunes flagging på og ved kommunale bygg, anlegg og andre eigedomar.

Følgjande lovar og forskrifter er styrande for flaggreglementet:

*Lov om Norges flagg (Flaggloven)*

Utforming og grunnleggande bruk av Noregs flagg

*Forskrift angående bruk av statsflagget og handelsflagget*

Forskrifta fastset nærmare om bruken av flagget, offisielle flaggdagar og tidspunkt for flagging.

*Forskrift om om adgang til i særlige tilfelle å benytte fremmed lands flagg ved siden av det norske flagg på kommunale offentlige bygninger*

Gir høve for å flagge med framande lands flagg på kommunale bygg og eigedomar, etter gitte føresetnadar.

*Lov om flagging på kommunenes offentlige bygninger*

Lova regulerer kva for flagg som kan brukast ved kommunale bygg, eigedomar og institusjonar, og gir forbod om å bruke andre flagg en Noregs flagg, det samiske flagget eller kommune- eller fylkesflagg. Forbodet gjeld ikkje i samband med arrangement, markering eller merkedagar av ålmenn interesse. Forbodet gjeld vidare ikkje for flaggstonger på stadar som ikkje framstår som ein integrert del av kommunale bygningskompleks, eller tilsvarande for bygningskompleks som i hovudsak nyttast kommunale institusjonar.

*Forskrift om bruk av det samiske flagget*

Forskrifta regulerer bruken av det samiske flagget, flaggdagar og tidspunkt for flagging.



## 2. Kommunens flagging

### 2.1 Flaggdagar i Alver kommune

Følgjande er kommunalt vedtekne flaggdagar:

| <u>Dato</u>         | <u>Markering</u>               | <u>Flagg</u>              |
|---------------------|--------------------------------|---------------------------|
| 1. januar           | 1. nyttårsdag                  | Nasjonalflaget            |
| 6. februar          | Samefolkets dag                | Det samiske flagget**     |
| 21. februar         | H.M Kong Harald V f. dag       | Nasjonalflaget            |
| 8 mars              | Den int. kvinnedagen           | Nasjonalflaget            |
| 1. mai              | Den int. arbeidardagen         | Nasjonalflaget            |
| 8. mai              | Frigjeringsdagen 1945          | Nasjonalflaget            |
| 17. mai             | Grunnlovsdagen                 | Nasjonalflaget            |
| 7. juni             | Unionsoppløysinga              | Nasjonalflaget            |
| 28. juni/bevegeleg* | Pride                          | Regnbogeflagg seksfarga** |
| 4. juli             | H.M Dronning Sonjas f. dag     | Nasjonalflaget            |
| 24. oktober         | FN-dagen                       | FN-flagget**              |
| 25. desember        | 1. juledag                     | Nasjonalflaget            |
| Bevegeleg           | Kommune/fylke- og stortingsval | Nasjonalflaget            |
| Bevegeleg           | 1. påskedag                    | Nasjonalflaget            |
| Bevegeleg           | 1. pinsedag                    | Nasjonalflaget            |

\* Pride-markeringa vert normalt gjennomført i løpet av juni månad. For Alver rådhus og kommunehusa på Frekhaug og Manger skjer flagging i utgangspunktet 28. juni, eller subsidiært ved annan dato (t.d. i samband med lokale markeringar) i samråd med Ordførar.

\*\* Dersom mogleg kan ein flagge i kombinasjon med nasjonalflaget, men jf. 2.6 og 3.4

### 2.2 Alver rådhus og kommunehusa

Alver kommune flaggar ved Alver rådhus og kommunehusa på Frekhaug og Manger ved dei kommunalt vedtekne flaggdagane.

Ansvarleg for flagging ved Alver rådhus og kommunehusa er den kommunale drift- og vedlikehaldstenesta

### 2.3 Institusjonar, skular og barnehagar

Det kan flaggast ved helse- og omsorgsinstitusjonar, skular og barnehagar på dei kommunalt vedtekne flaggdagane. Flagging vert organisert av den einskilde lokale



kommunale tenesteytar, eventuelt i samarbeid med frivillige organisasjonar eller privatpersonar.

## **2.4 Andre kommunale flaggstongar**

Det kan flaggast ved andre kommunale flaggstongar på kommunalt vedtekne flaggdagar. Flagging må organiserast lokalt.

## **2.5 Andre markeringar og hendingar**

Det kan flaggast ved markeringar, som t.d. skulejubileum eller kultur- og idrettsarrangement. Flagging må organiserast lokalt for den einkilde hendinga.

## **2.6 Kongebesøk, statsbesøk og tilsvarande hendingar**

Ved kongebesøk skal det flaggast med nasjonalflagget på Alver rådhus, kommunehusa på Frekhaug og Manger, og andre kommunale flaggstongar som er aktuelle i samband med kongebesøket.

Ved statsbesøk frå andre nasjonar, kan det flaggast med nasjonalflagget og andre nasjonars flagg på Alver rådhus, kommunehusa på Frekhaug og Manger og andre aktuelle kommunale flaggstongar, etter vurdering i samråd med Ordførar.

Ved andre høve der det er særlege omsyn til *internasjonal høflighet* skal flagging vurderast som i avsnittet over.

Andre nasjonars flagg skal ikkje henge aleine, og ikkje ha ei meir framtrédande plassering enn Noregs flagg.

## **3. Andre tilhøve**

### **3.1 Definisjonar på flagg**

#### 3.1.1 Nasjonalflagget og det samiske flagget

Nasjonalflagget viser til Noregs flagg / handels- og nasjonalflagget, rektangulært med proporsjonar 8:11.

Med det samiske flagg viser ein til vedtak den 15. august 1986 på den 13. nordiske samekonferanse, og spesifiserte dimensjonar frå Sametinget.

Flagga skal handsamast respektfullt, og ikkje røre ved bakken, klippast i eller smussast til.

Om eit flagg vert bytta ut, skal dette makulerast før restane vert kasserte.



### 3.1.2 FN-flagget

Med FN-flagget viser ein til FN's offisielle flagg vedtatt den 7. desember 1946, proporsjonar 2:3 eller 3:5.

### 3.1.3 Regnbogeflagget

Flagget skal vere eit seksfarga regnbogeflagg, med seks horisontale stripar: frå toppen raudt, oransje, gult, grønt, blått og fiolett, med proporsjonar 2:3.

### 3.1.4 Vimplar

Trekanta flagg der lengda er større enn høgda, men ikkje lenger enn 1/3 av flaggstongas lengde. Vimplar kan henge utan tidsavgrensing.

### 3.1.5 Arrangementsflagg og banner

Flagg og banner som vert brukt til arrangement og markeringar. Eit banner skal i hovudsak henge loddrett ned og med største lengda langs flaggstonga. Alver kommune kan stille krav til kvalitet og utforming av slike flagg og banner.

## **3.2 Tidspunkt for flagging**

Noregs flagg og det samiske flagget skal etter forskrift heisast i månadane mars til oktober kl. 08, i november til februar kl. 09, og skal firast ved solnedgang eller ikkje seinare enn kl. 21. FN-flagget og regnbogeflagget vert heist og fira etter dei same tidspunkta.

## **3.3 Flagging på halv stong**

Flagget skal først heisast heilt opp, haldast eit augeblikk, for så firast ned 1/3 frå toppen. Dersom det vert flagga på halv stong ved gravferd, skal flagget heisast til topp når gravferda og seremonien er over.

Flagging på halv stong kan skje i samband med gravferd for (1) tilsette ved tenestestad, (2) bebuarar i kommunale institusjonar ved institusjonen der vedkommande budde, (3) elevar i skule eller barn i barnehage i samråd med rektor/styrar, (4) særskilte høve eller etter nasjonale føringar i samråd med Ordførar.

## **3.4 Kombinasjon av flagg og vimplar**

Det er ikkje tillate å heise fleire flagg og/eller banner/vimplar på same flaggstong.

## **3.5 Kostnadar**

Innkjøp, vedlikehald og lagring av flagg vert organisert av kommunens drifts- og vedlikehaldsteneste når det gjeld flagg som nyttast ved Alver rådhus og



kommunehusa på Frekhaug og Manger. For tilsvarende kostnader og tilhøve ved andre flaggstongar må dette organiserast lokalt.

### **3.6 Avgrensingar**

Det skal ikkje flaggast på kommunale flaggstongar ved arrangement, markering, merkedag eller med flagg, som gir uttrykk for standpunkt som er i strid med norsk lov og regelverk, menneskerettskonvensjonar eller kommunale verdier.